

Fra: Mona Høgli (Mona.Hogli@vlfk.no)

Sendt: 16.11.2020 11:05:34

Til: Politisk

Kopi:

Emne: skriftleg spørsmål til SAMO

Vedlegg:

Eg ønskjer å stille følgjande spørsmål i det komande møtet i SAMO.

Vennleg helsing

Mona Høgli

MDG

Skriftleg spørsmål om fartsgrensa på Fv. 5671 ved Håland i Fjaler kommune

Det har blitt ei enorm auke i trafikken på fv. 5671 ved Håland dei siste åra, ikkje minst spesialtransport i form av trailarar, lastebilar, traktor og hjullastarar. Vegen er 3 m brei, bilane som brukast til spesialtransport er 2,5 meter breie. Det er også ei stor auke i tal på privatbilar som brukar vegen, og mange av desse held også høg fart. I nabolaget på Håland bur det 22 born og unge. Dette er born som ønskjer å møtast på fritida og reise på besøk til kvarandre.

Det har vore søkt om å få sette ned fartsgrensa, men Statens Vegvesen har avslått dette.

Viser til brev frå Statens vegvesen «Fv. 5671 (tidligere fv. 393) - Vurdering av fartsgrense - Håland – Fjaler kommune» datert 16.09.2019:

[https://innsyn.onacos.no/fjaler/wfdocument.ashx?](https://innsyn.onacos.no/fjaler/wfdocument.ashx?journalpostid=2019007811&dokid=211564&versjon=1&variant=A&)

[journalpostid=2019007811&dokid=211564&versjon=1&variant=A&](https://innsyn.onacos.no/fjaler/wfdocument.ashx?journalpostid=2019007811&dokid=211564&versjon=1&variant=A&)

I brevet skriv Statens vegvesen at «På fylkesvei har regionvegkontoret myndighet til å sette fartsgrenser lavere enn fartsgrensene som følger av vegtrafikklova. Fartsgrenser vurderes etter kriterium som er fastsatt av Vegdirektoratet.», men konklusjonen var at «Ut fra kriteria og vurderingene ovenfor, kan vi ikke gå inn for å sette ned fartsgrensa på fv.5671 slik det er søkt om. Vi ser at enkelte boliger står tett på veien og har forståelse for at fartsgrense 80 km/t oppleves som urimelig, men etter kriteria stetter ikke området lavere fartsgrense.»

Dette tross for at Fv 5671 går gjennom eit næringsområde på begge sider av vegen 850m søraust frå Vassdalsvegen 27. Statens vegvesen skriv jo at «30, 40 og 50 km/t brukes... gjennom industri- og næringsområde», så kriteria faktisk opnar for å setje ned fartsgrensa gjennom næringsområdet ved Vassenden. Det ville då vere logisk å vidareføre ei lågare fartsgrense enn 80 forbi Vassdalsvegen 27 og fram til krysset ved Fv.57.

Fv 5671 er ein skuleveg for barna som bur langs Vassdalsvegen. Det er ikkje busshaldeplass på Fv 5671 – barna er henta ved garasjen nedanfor Vassdalsvegen 10. Barna som bur i Vassdalsvegen 27 må gå 280 m langs den smale og svingete fylkesvegen med store lastebilar som køyrer forbi i 80 - på ei tre meter brei veg.

Spørsmål:

- 1. Vil fylkesdirektøren ta initiativ overfor Statens Vegvesen for å få senka fartsgrensa på fv. 5671 ved Håland i Fjaler kommune?*
- 2. Vil fylket raskt utføre som punktutbetring tiltak 1 (Møteplass og omlegging av veg) i planen for Fv.393 (no Fv.5671), vedteken i 2013, som vil gjere fylkesvegen forbi Vassdalsvegen 27 og skulevegen til henteplassen tryggare?*